

# Møte i ungdomsrådet

Tid: 19.04.2023 kl 0930 – 1130

Stad: Teams

**Brukarrepresentantar:**

Anja Sandnes (Hørselshemmedes Landsforbunds Ungdom), Ståle Hatlelid (Landsforbundet for kombinert syns- og hørselshemmede/døvblinde), Vebjørn Leite Olsen (Mental Helse Ungdom), Maren Gjærde Tryggestad (Norges Blinddeforbunds Ungdom) og Sigrid Rønneberg (Norges Handikapforbunds Ungdom)

**Vararepresentant:** Silje Solvang (Norges Blinddeforbunds Ungdom)

**Frå Statped:** Kristin Fastvold (møteleiar) og Magne-Bjarte Hatlem (referent)

**Forfall:** Annemarie B. Hansen, Alice Walgermo

Saksnr	Sak	Ansv.
	<b>Godkjenning av sakliste</b>	Kristin
	Faste saker	
<b>05/23</b>	<b>Orientering frå avdeling Språk/Tale (0930 - 1000)</b> Grunna nytt ungdomsråd og ny organisering i Statped er det ynskjeleg med presentasjon av dei ulike avdelingane. Avdelingsleiar Stian Greger Eikeland gjev ei lita orientering.  <i>Referat:</i> <b>Norges Blinddeforbunds Ungdom</b> største utfordring i å få med ungdom er at møta føregår på dagtid. Sender ut agendaen før møte og ber om tilbakemelding frå medlemmane. Opplever at dette gjer terskelen lågare for å medverke utan å delta direkte som brukarrepresentant. Mange blinde slit på skulen i kvardagen sin med manglande tilrettelagte læremidlar og utestenging el. Dei opplever kanskje at departement og andre ikkje høyrer på dei, elevkurs er for eksempel veldig viktig.  <b>Mental Helse Ungdom</b> manglande tilrettelegging aukar sjansen for psykisk uhelse. Språk er ikkje kjernesaka til Mental Helse Ungdom, men om det ikkje blir godt nok til rette for språk og taleutfordringar så vil det lett gå ut over psykisk helse.  <b>Landsforbundet for kombinerte syns- og hørselshemmede/døvblinde</b> Ein ønsker å vere så normal som mogleg og ikkje bruke meir tid på det som er utfordringar enn ein må. Det beste er nok å sende ut informasjon via dei ulike interesseorganisasjonane.  <b>Norges Handikapforbunds Ungdom</b> Bruker sosiale medier og stiller spørsmål, men får lite tilbakemelding på dette. Spannande å høyre korleis dei andre brukarrepresentantane legg til rette for at medlemmane skal kunne få medverke.	Stian
	Nye saker	
	Drøftingssaker	
<b>06/23</b>	<b>Medverknad og motivasjon (1000-1030)</b>	Torunn

	<p>Torunn Berg Johansen i Staped er ein av forfattarane bak artikkelen «<a href="#">Medvirkning og motivasjon</a>». Johansen vil seie litt om artikkelen og leie drøftinga grunna i førebuingsarbeidet nedanfor.</p> <p>Førebuingsarbeid  <b>Les <a href="#">artikkelen</a> og reflekter over fylgjande:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har diagnosetype tyding for grad av medverknad i val av studieretning og seinare for motivasjon til å fullføre opplæringa?</li> <li>• Har vi integrert verdien om at vidaregåande opplæring er viktig i så stor grad at å ikkje gjennomføre er utenkeleg for dei fleste? Kva er alternativet?</li> </ul> <p><b>Noter refleksjonane og ta dei med på møtet.</b></p> <p><i>Referat:</i>  <b>Mental Helse Ungdom</b> Mykje stigma knytt til dette med å kunne ta eigne val knytt til studieretning. Viktig å få ut informasjon om denne studien.</p> <p><b>Norges Blindeforbunds Ungdom</b> Blinde og svaksynte blir i veldig stor grad påverka til å ta studiespesialiserande. Mange rådgjevarar meiner at blinde og svaksynte skal prioritere dei teoretiske faga for å få gode karakterar. Veldig stort fokus på fullføring av vidaregåande, men då må det vere god nok tilrettelegging. Dette kunne vere eit godt innlegg på brukarkonferansen.</p> <p><b>Norges Handikapforbunds Ungdom</b> Manglande tilrettelegging jer at ein ikkje får vist potensialet, uavhengig av om det er yrkesfag eller studiespesialiserande. Kommunikasjon og koordinering er viktige undertema for å få til ein god tilrettelegging</p> <p><b>Statped</b> vi vil vidareformidle denne forskinga på våre arenaer.</p>	
PAUSE kl 1030 - 1040		
07/23	<p><b>Brukarundersøkinga til Statped</b> (1040 – 1110)          Orientering og refleksjon rundt brukarundersøkinga. <a href="#">Du kan lese heile brukarundersøkinga her.</a></p> <p><i>Referat:</i>  <b>Mental Helse Ungdom</b> Tek det til etterretning. Det er god informasjon.</p>	Kristin
08/23	<p><b>Bruk av Teams</b> (1110-1120)          Kommunikasjonen til brukarråda skal i hovudsak skje via Teams. Det gjeld også for ungdomsrådet. Me tek ei drøfting på kva som skal til for at me skal få det til å fungere.</p> <p><i>Førebuing:</i>          Kva må til for at du som representant i ungdomsrådet skal kunne ta i bruk Teams?</p> <p><i>Referat:</i>  <b>Landsforbundet for kombinerte syns- og hørselshemmede/døvblinde</b> Ei utfordring er at mange av oss har fleire Teams-kontoar, så ein må hugse på at ein skal innom å sjekke denne også.</p>	Alice

	<p><b>Mental Helse Ungdom</b> Om det er e-post eller Teams som nyttast er ikkje viktig.</p> <p><b>Norges Handikapforbunds Ungdom</b> Teams er oversiktleg å bruke, om alle har tilgang og har ei felles forståing for korleis vi skal bruke det. I ein kvardag prega av mykje e-post så har gjerne e-postane frå Statped ein tendens til å drukne. Går det ann å legge ut dobbelt, både e-post og i teamet?</p> <p><b>Statped:</b> Vi skal sjå på om det er mogleg å sende ut dobbelt, både i Teams og e-post, eller om vi kan sende varsel på e-post når vi legg ut noko i teams.</p>	
	<p><b>Eventuelt</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Programkomiteen for Brukarkonferansen ønsker innspel til ungdommar som har lyst å dele si historie. Utgifter vil bli dekket. Meld tilbake til Silje.</li> <li>2. Det blir regionale konferansar i Kompetanseløftet til hausten, der det også kan vere ønskeleg med ungdomsperspektivet. Det kjem til å komme ein meir konkret førespurnad til hausten.</li> </ol>	Silje
	<p><b>Innspel til saker på kommande møter</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Status for vidareføring av utdanning for blindepedagogikk på NTNU.</li> <li>2. Ny opplæringslov og fullføringsreform er aktuelle tema til hausten.</li> </ol>	
	<p><b>Evaluering av møtet</b></p> <p>Forskningen vi fekk presentert var veldig aktuelt.</p>	